



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Møterom PPT, Blåhuset, Ulsteinvik  
**Dato:** 23.01.2019  
**Møtet starta** Kl. 12.00  
**Møtet slutta** Kl. 15.30

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Peder Slenes	Medlem.
Anne Stine Folda Åm	Nestleiar.
Stina Aasen Lødemel	Medlem.
Kari Janne Myklebust	Medlem.

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

#### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar. I sakene 1,8 og 9
Karoline Sighaug	Konsulent.

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef
Haldis Moltu	Revisor. I sakene 1 og 8

**Frå kommuneadministrasjonen:**

Namn	Stilling
Ingrid Evebø Haug	Leiar PPT. I sak 8.
Kirsti Øy Driveklepp	Seksjonsleiar skule. I ak 8.

**SAKLISTE**

SAK 01/19	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
SAK 02/19	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
SAK 03/19	MELDINGAR
SAK 04/19	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
SAK 05/19	ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018
SAK 06/19	MØTEPLAN 2019
SAK 07/19	VEKOMANDE ORIENTERING OM INNKJØP
SAK 08/19	ORIENTERING PPT
SAK 09/19	ORIENTERINGSSAK
SAK 10/19	SENTRUMSTOMTENE I ØRSTA SENTRUM - ATTENDEKJØP

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/19	033	03.01.2019	23.01.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Etter sak 1, sak 8 (som vert felles orientering med kontrollutvalet i Ulstein), deretter tilbake til saklista. I tillegg vedtek utvalet å ta opp ny sak 9 og 10.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Anne Stine Foldal Aam.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/19	049	03.01.2019	23.01.2019	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 26.11.2018.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 26.11.2018

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/19	033&17	11.01.2019	23.01.2019	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane 1-5 til vitende.
2. Kontrollutvalet viser til oppslag i avisa Møre av 09.12.18 og ber rådmannen følgje opp tidligare oppfordring om å konkretisere saksbehandlingsreglar i høve dispensasjonsbruken i saker innan plan og bygningslova.

### Vedlegg

1. Kommunestyresak 113/18 av 13.12.2018. Selskapskontroll av VØR IKS – Plan.
2. Kommunestyresak 115/18 av 13.12.2018. Nytt finansreglement Ørsta kommune.
3. Frå avisa Møre 09.12.2018: Bryt lova i fleire saker.
4. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold.
5. Frå bladet Kommunerevisoren, januar 2019: Endringer i kommuneloven – med vekt regnskapsrevisjonen.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>04/19</b>	033&58	08.01.2019	23.01.2019	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet har registrert at ikkje alle møteprotokollar er tilgjengelige på kommunen sin heimeside. Utvalet har særleg merket seg mange protokollar frå sakkyndig nemnd for skatteobjekt og ber om at alle protokollane frå 2018 vart lagt ut på heimesida.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen sørge for at innkalling, sakliste, saker og protokollane for alle nemnder og utval vert lagt ut på kommunen si heimeside, då med unntak av B-saker.
4. B-saker skal sendast til kontrollutvalet sitt sekretariat Vest kontroll.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb> og på [www.vor.no](http://www.vor.no)

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Kommunestyret	01.11	<b>13.12</b>		
Formannskapet	13.11	<b>27.11</b>	<b>06.12</b>	
Eldrerådet	08.11	<b>22.11</b>	<b>06.12</b>	
Landbruksnemnda	17.04	<b>29.05</b>	<b>04.09</b>	<b>23.10</b>
		<b>19.11</b>		
Vilt- og innlandsfiskenemnda	12.06			
Råd for likestilling av funksjonshemma	19.11	<b>11.12</b>		
Valstyret				
Samfunnsutvalet	30.10	<b>04.12</b>		
Levekårsutvalet	17.10	<b>(05.12)</b>		
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt		<b>(11.01)</b>	<b>(26.02)</b>	<b>09.03</b>
		<b>11.04</b>	<b>(23.04)</b>	<b>(10.09)</b>
		<b>(15.10)</b>	<b>20.11</b>	<b>23.11</b>
		<b>(17.12)</b>		
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt		<b>(27.06)</b>		
Ungdomsrådet	30.04	<b>(04.06)</b>		
Samfunnsutvalet som – trafikktryggingnemnd		<b>19.06</b>	<b>11.09</b>	
Administrasjonsutvalet				
VØR IKS Styret	17.09			
VØR IKS Representantskapet	09.10			
VØR IKS Klageutvalet				
Retura Søre Sunnmøre AS				

Merknad: datoar i parentes klarer vi ikkje opne dokument/dokument finnes ikkje.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	14.01.2019	23.01.2019	JS og KS

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

### Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

### Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/19	033	11.01.2019	23.01.2019	KS

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen som framlegget.

### Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen.

### Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 23. januar sett opp møte 23. april, 27. mai, 16. september og 25. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	033	11.01.2019	23.01.2019	KS

## VEDKOMANDE ORIENTERING OM INNKJØP.

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen legge fram fullstendig skriftelig utgreiing vedkommande gjennomføring av anbudsopningar og korleis rammeavtalar på innkjøp vert følgde/gjennomførte, og om det er inngått rammeavtaler innan same vare/tenesteområde, innan 05.05.2019.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen møte i utvalet sitt mai-møte, for utfyllande orientering.

### Vedlegg

Kontrollutvalssak 45/18.

E-post til rådmannen av 27.11.2018.

E-post frå rådmannen av 13.12.2018.

### **Saksopplysningar**

Rådmannen skriv at kontrollutvalet sine spørsmål er relevante og blir prioritet frå administrasjonen. Ho viser elles til e-posten av 16.11.2018 frå økonomisjefen til kontrollutvalet, som er vedlegg til rådmannen sin e-post av 13.12.2018.

Rådmannen ber om at orienteringa knytt til kontrollutvalet sine spørsmål 1 og 2 vert utsett til neste møte.

1. Tilbakemelding på korleis anbudsopningar vert gjennomførde.
2. Opplyse korleis rammeavtalar på innkjøp vert følgde/gjennomførte og om det er inngått rammeavtaler innan same vare/tenesteområde.

Kontrollutvalet ba rådmannen komme med ei fullstendig utgreiing i løpet første halvår 2019, men ba om orientering om anbudsopningar på neste møte. I og med at neste møte blir 23.01.2019 i Ulsteinvik vært orientering upraktisk. Det vil være då være naturleig at vi får utgreiinga og orientering samstundes og ber rådmannen om å ha dette klart til vårt møte i mai 2019.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
08/19	030&18	11.01.2019	23.01.2019	KS

### **ORIENTERING PPT**

#### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå PPT-leiaren til vitende.

#### **Vedlegg**

Ingen.

### **Saksopplysningar**

Leiar for PPT Ingrid Ebebø Haug orienterer om PPT sitt arbeid. Orienteringa vært felles med kontrollutvalet i Ulstein og starter kl.12.00.

#### **I møtet**

Orienteringa var felles med kontrollutvalet i Ulstein.

PPT-leiar Ingrid Ebebø Haug, supplert av Kirsti Øy Driveklepp (seksjonsleiar skule i Ørsta), orienterte og svara på spørsmål.

Sentrale tema i orienteringa.

- Interkommunalt PPT samarbeid i 4 kommunar
- Endring som kjem ovanfrå
- Framtidsbilde – saman for utvikling og læring
- Ta med oss det som fungera godt og slutt med det som ikkje fungera
- Noko av det vi har gjort så langt
- Samarbeid
- Dette vart framheva i samarbeidsorganet

- PPT har mange interessentar – alle nivå er viktige for at «VI» skal skape ein vel fungerande organisasjon saman
- Langsiktig arbeid
- Arbeid i endringsprosessar intern og ekstern, krev kompetanse, god leing og systematisk arbeid i alle fasane
- Tal på einingar er 72 med Møre barn og ungdomsskule/ vaksenopplæring
- Sakar
- «Å høyre til»
- Likeverdig opplæring – Innkludering - Tilpassa opplæring
- Systemperspektivet (utdanningsdirektoratet)
- PPT sitt mandat – opplæringslova
- PPT sitt arbeid med enkeltsaker
- Funksjonshemming – gap- modell
- Hele mennesket
- Inntaksliste/ arbeidsliste eller teneste og arbeidsoppgåver
- Saksmengd/ sakstype
- Arbeid med enkeltsaker/døme
- Saksgang enkeltsaker
- PPT sitt arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling
- KVA NIVÅ ER VI PÅ?
- Mål og resultat – PPI (PPT sitt journalsystem)
- Kva bør PPT ta meir omsyn til – forskning
- Rammeverk for implementering
- Utfordringar – få forståing i alle ledd for
- Korleis går det?
- Spørsmål, innspel, tilbakemeldingar eller kommentarar

PowerPoint frå orienteringa kjem som vedlegg på neste møte i kontrollutvalet

Etter orienteringa gjorde kontrollutvalet vedtaket i eige møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	400	23.01.2019	23.01.2019	Kontrollutvalet

## ORIENTERINGSSAK

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber leiaren i kontrollutvalet ta opp omtalte tilhøve i saka med rådmannen.

### Vedlegg

Ingen

### Saksopplysningar

Leiaren meiner dørene må lukkast i saka. Debatten om lukking av møte vart halden for lukka dører.

Dørene vart så opna og kontrollutvalet røysta over forslag til lukking med heimel i kommunelova §31 (4) for omsynet til personvern krev det.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møte i forhandlingane.

Dørene vart lukka og forhandlingane vart gjennomført.

Dørene var opna igjen og det var gjort vedtak i saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	047	23.01.2019	23.01.2019	Kontrollutvalet

### SENTRUMSTOMTENE I ØRSTA SENTRUM - ATTENDEKJØP

#### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente ekstern juridisk kompetanse for vurdering om eigar har gjenkjøpsrett.

#### Vedlegg

Ingen.

### Saksopplysningar

Kopi frå Mørenytt si heimeside av 23.01.2019 «Krev sentrumstomta tilbake» vart delt ut i møte. Utover dette orienterte leiaren.

### Møtet slutt.

Sven Castberg  
- leiar -

Anne Stine Foldal Aam  
Nestleiar

**Møteprotokollen går til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar til orientering.  
Rådmann til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.